

Finansdepartementet
Postboks 8008, dep.
0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET

C 0. DES. 2003,

Saksnr.

03 12931-46

Arkivnr.

Enova SF
Abels gate 5
7030 Trondheim

www.enova.no
tlf. 73 19 04 30
faks 73 19 04 31
post@enova.no

org.nr. 983609155
bank 4200 20 86187

Dato:
04.12.2003

Vår ref:
Sid 02/1350-9/AMK
Jid 03/9972

Dykker ref:

Arkivkode:
N1-EB, N2-SAMF2, N3-
SAMF3

Høring NOU 2203:23 Evalueringa v rekneskapslova

Vi viser til invitasjon frå Finansdepartementet av 17.09.2003 om å gje ei høyringsuttale på NOU 2003:23 Evaluering av regnskapsloven. Med dette oversender Enova SF si høyringsuttale.

Enova vil gje høyringsuttale på punkt 5. Miljørapportring og punkt 24.2. Opplysninger om ikke-finansielle forhold.

Enova gav 18.10.2002 høyringsuttale til evaluering av rekneskapslova. Enova ynskja at type og mengde energi som verksemda bruker skulle inn som eige rapporteringskrav i § 3-3 fjerde ledd som gjaldt ytre miljø. I NOU 2003:23 er våre innspel ikkje teke til følgje. I høyringsbrevet heiter det at:

Utvalget foreslår at krav om å redgjøre for ikke-finansielle forhold i årsberetningen skal begrenses til opplysninger som er nødvendige for å forstå den regnskapspliktiges utvikling, finansielle stilling, resultat og risiki. Opplysninger om ikke-finansielle forhold som går ut over dette, kalles her "samfunnsinformasjon". Utvalget foreslår ut fra dette at gjeldene krav om å gi opplysninger om arbeidsmiljøet og det ytre miljø i årsberetningen begrenses til det som er nødvendig for å forstå den regnskapspliktiges utvikling, finansielle stilling."

Departementet ynskjer tilbakemelding på om samfunnsinformasjonen bør krevjast i eller utanfor årsmeldinga.

Enova går inn for at samfunnsinformasjonen bør krevjast i årsmeldinga. Subsidiært ynskjer Enova at det blir utarbeida ein eigen rapport om samfunnsinformasjon. Dersom det blir utarbeida ein eigen rapport, må eit samandrag av denne inn i årsmeldinga. Rapporten må heimlast i rekneskapslova. Krava som i dag ligg om rapportering av indre og ytre miljø, bør inn i rapporteringa. I tillegg bør type og mengde energi som verksemda bruker inn som ein del av rapporteringa. Det bør utarbeidast ein klart definert mal for kva rapporteringa skal innehalde. Til nå har det vore ei svakheit at rapporteringskriteria har vore for uklåre.

Departementet vil ha tilbakemelding på om ein eventuell samfunnsrapport bør bli lagt under tilsvarende krav som gjeld for årsmeldinga når det gjeld underteikning av styremedlemmer, selskapsrettsleg handsaming, offentlegheit og innsendingsplikt til Regnskapsregisteret. Enova meiner at samfunnsrapporten bør bli underlagt dei

same krava. Det er viktig at styret må ta stilling til informasjonen. Det er også viktig at allmennheten kan få tilgang til informasjonen.

Omfangen av rapporten kan differensierast etter spesifikke kriterium t.d. etter storleik på verksemda.

Grunngjeving for at type og mengde energi bør inn som ein del av rapporteringa i samfunnsrapporten

Forvalting av ein viktig ressurs

Energi er ein viktig ressurs og all forvalting av energi vil verke inn på miljøet. Det er derfor viktig at den blir forvalta på ein best mogleg måte. Det krev at verksemda sjølv har oversikt over eigen energibruk. Energirapportering er også viktig for bedriftsinterne forhold. Enova sine erfaringstal viser at medvete om eige energibruk, kan redusere energibruken i verksemda med 5-10%. Med ei energirapportering vil det vere lettare å synleggjere enkle tiltak for å redusere energibruken.


Energirapportering kan vere starten på ei meir omfattande miljørapporering. Å få oversikt over eige energibruk fører til auka fokus og auka kunnskap om bruk av energi. Desse momenta kan gjere at verksemda får ein meir effektiv ressursbruk og at energikostnadane kan bli redusert.

Lov om rett til miljøinformasjon

Miljøinformasjonsloven: Lov om rett til miljøinformasjon og deltagelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet, vart vedteke 9.5.2003.

I lova heiter det at ålmennheten har rett til miljøinformasjon både frå offentlege og private aktørar. I rapporten om samfunnsinformasjon vil det kome miljøinformasjon som det er viktig blir offentleg tilgjengeleg.

Med helsing
Enova SF


Eli Arnstad
Administrerende direktør


Marit Nestande
energorådgjevar